

ALVER KULTURRÅD

Alver kommune
Kulturkontoret

5. okt 2021

Uttale frå Alver kulturråd på «innstilling kulturmidlar haust 2021»

Alver kulturråd vil uttale seg på generelt grunnlag. Det har ikkje vore tid til ein grundig gjennomgang av tildelinga.

Vi vil først takke for at kulturkontoret inviterer leiar for Alver kulturråd til ei førehandsorientering kring kulturmidlane. Denne orienteringa er nyttig for å kunne sjå heilskapen når saka skal handsamast i Alver kulturråd sitt styre.

Alver kulturråd er nøgd med at kulturkontoret har ei tettare oppfølging av søknadane i høve kva som er drift og kva som er prosjekt. Tida det har tatt for å få på plass nye retningslinjer har vore brukt bra for at tilskota skal treffe målet enda betre.

Framleis er det vanskeleg for Alver kulturråd å ta standpunkt til kulturmiddeltildelinga når det ikkje er ein historikk å samanlikne med. Spørsmål som dukker opp kan vere om kven som har fått tildelt midlar før, kor stor var summen då og kor stor del av kulturmidlane som blir brukt til korpsutstyr, grendahusinventar og lydutstyr. Det kan vere til god hjelp for Alver kulturråd om vi kan få tilsendt den endelege tildelinga etter politisk handsaming.

Alver Kulturråd har elles ingen særskilte merknader til innstillinga frå rådmannen.

Som tidlegare nemt så stiller kulturrådet seg til disposisjon i arbeidet med å koordinere tildelingar. Alver Kulturråd takker for positivt samarbeid.

På vegne av styret i Alver kulturråd



Arild Hagenes
Styreleiar



Per Ole Ekker
Sekretær